

Med returbillett til Kaprolat

Inferno i øydemarkka

Ar: Edvin vind Eft
107390

Det var blitt varmare i veret i Karelen dei siste dagane.

Kring stillingane til 3. kompaniet i Den Norske Ski- jegerbataljoen er det hektisk aktivitet. Datoen er 24. juni, og kompanisjefen har på Jonsokdagen gjeve løype til å heise Maistang. Ved stanga er heile frivakta samla denne ettermiddagen, i fredelig kappestrid om å hente ned dei finaste godsakene i toppen. Midtsom- marsfreden kviler over heile åsryggen.

Eit rop frå vakta øvst oppe i ei kjempefuru like ved, får karane til å slogge opp. Meldinga gjer straks slutt på leiken. 2-300 mann er oppdaga på flyttefot aust for Herzsee. Dei har retning vestover, rett mot den norske leiren.

Storalarmen går over heile Kaprolat, og meldinga vert telefonert til bataljonen. Den unge norske kompanisjefen ved om åtte mann til patrulje.

Dei åtte går varleg framom minefelt, og inn i skogen. Så vert dei ståande som lamslegne. Der - 500 meter lenger framme - skimtar dei bilar, trekkvogner og skyts mellom trestammene. Og det vrirmlar av russiske soldatar.

Like etter er alle på asryggen orienterte om alvoret i situasjonen. Granatkastarane går straks i gang med å klargjere vapna sine, og tung ammunisjon vert henta på plass. Så vert alle mann liggjande og vente roleg i gravene, kvar mann på sin plass.

Mellom dei norske soldatane her inne i dei tette karelske skogane ligg også ein 16 år gammel gutunge og ventar på ordre om å skyte. Lite veit han om det infernoet av eld og bra daude som ventar han og kameratane hans. Og enda mindre veit han at han skal bli ein av dei få soldatane på Kaprolat som tre dagar seinare skal sleppe ut frå den russiske vepningen som stadig sluttar lettare rundt den norske festninga langt inne i øydemarkka.

Klokka åtte om kvelden brukar det lauv.

Russarane var tett innpå oss med ein gong. Minene vi hadde hengt opp i skogen utanfor den yste lyarposten, ville ikkje springe, same kor feibrisk vi drog i utløyserane. I staden kunne fienden berre plukke dei roleg ned som mogne frukter, fortel denne 16-åringen frå 1944 til Dag og Tid, når vi møter han på 33 årsdagen for det russisk stormåtaket mot Kaprolat. For første gong står ein av dei nordmennene som kom frå dette slaget i live fram og fortel kva som verkeleg hende på høgdene langt inne i Karelen nokre midtsommar dagar i 1944, og korleis han sjølv opplevde eit av dei verste blodbada nokon nordmann var vitne til under siste krig.

Han treng ikkje lette etter orda. Han har alt saman nedskrive, detalj for detalj, og i kronologisk rekkefølge. Det er ein del av den terapien han hadde gjennomgått då nervene meldte seg ei tid etter krigen. Men framleis forklarar vi at det kostar han ein god del på ny å måtte gjennomgå det, særleg no i desse dagar, på tida då alt hende der inne i dei russiske skogane for 33 år sidan.

Levenet vart sett i gang kring heile høgda samstundes. I hundrevis syntte russarane seg i skogkanten framfor minefelt, og det var fyr fra alle munningar. Så svara vi med maskingeværa vare, og mange av -kuggane- der nedde fall om.

Etter ein stutt påuse var russarane i gang att. Med maskingevær, maskinpistol og gevær stod det ein jamm sprut med prosjektil mot bunkarane og skyttargravene. Flisene spratt or dei tjukke bunkerveggane, og salvane fra maskingeværa hogg av smakrattet og rota opp støvet på bakken. Det vart uråd å halde hovudet over gravkanten og svare på elden.

Kom ataket fullstendig uventa?

Vi var klar over ut noko var i gjære. Patruljane vare hadde funne ein del handgranatar festa til treet, og med snorer gøynde i terrenget. Vi vskate at russarane var i ferd med å bygge ein god transportveg i retning Kaprolat. Dei siste meldingane tydde på at vegen var ført fram til omlag 500 meter fra oss. Dette hadde vi sendt melding om til bataljonen, men ingen ting vart gjort for å skyte side for å øydelagt denne viktige vegen.

Kvifor ikkje?

Den som kunne seie det. Til dags dato er det heilt ufattelag at ingen ting vart gjort med denne gode vegen dei sovjetrussiske styrkane hadde laga seg. Ei årsak kan kanskje vere at frontlinja, om vi kan kalle det noko så fint, likevel skulle dragast noko attende.

Også utover denne første kvelden var det ein del skyting. Men det verste bombardementet fra russisk side hadde gjeve seg. I staden freista russarane å kome seg over det opne feltet mellom skogkanten og festninga, men måtte gje dette opp, fordi dei straks padroeg seg konsentrert eldgjeving. Men også nordmennene fekk sine første faine denne kvelden.

Den første natna vart det lite svevn i gravene, fortel -Asmund-, som vi har valt å kalle

han. - Alle heldt eit vake auga mot den strekkja dei hadde ansvaret for, og så snart det var ei rørsele å sjå der utanfor piggraden, small det. Men dette var gjensidig. Ingen stad kunne vi gå oppreiste. Vi måtte heile tida krype langs bakken, eller åle oss bak steinar og trestubbar.

Denne stillingskrigen vara til fem om morgonen. Då starta eit nytt eldatak, og denne gongen med tyngre reiskap. Granatar tok til å falle, først ein og ein. Men snart kom dei tett som hagl. Jord og stein spruta omkring oss. Store tre vart fullstendig splinttra. Bunkerer som lag heilt framme ved minegata, fekk ein fulltreffar og rasa saman. Og midt i dette infernoet av eld og røyk freista russarane på ny å forsera feltet. Men fleire av dei vart raka av egne granatar, samstundes som elgjen fra skyttargravene vare nok ein gong tvinga dei attende.

Framfor bunker 1 - i skyttargravene der - ville vi ta i bruk geværgranatane vare. Desse vart skotne ut fra vanlege gevær, pamontert eit ekstrarøyr og sikte-innretning. Men då vi drog av, kom ikkje granaten meir enn 5 meter opp i lufta. Der eksploderte han og sende eit regn av splintar ned att i grava og reiv armen av den eine som lag der.

Etter eit døgn med vedvarende atak var russarane likevel like langt da kvelden kom. Og med eit stort tap av døde og sara soldatar.

Korleis var stillinga for dykk der oppe?

Det tok til å røyne på for oss også. Traass i dei gode festningane, hadde vi og døde og sterk skamferde denne første dagen, og lite eller ingen svevn var det blitt på oss dei siste 24 timane. Av mat hadde vi fått ei pakke knekkebrød, og kjøkkenbunkerer med ei stor proviantforsyning var rasa saman etter ein russisk fulltreffar.

Kva med ammunisjonen?

Det verste var nok at det tok til å minke stygt på den. Maskingeværa, som skulle demme opp for russiske stormatak, brukte opp ammunisjonen så altfor snøgt. Situasjonen var langt fra lys da vi gjekk inn i ei ny natt på Kaprolat.

Også den andre morgonen fekk dei på ny høyre granataus i lufta, men denne gongen kom det lenger borte frå. Det var tyske granatar, fra regimentet, som vart skotne inn. Hjelpa var komen!

Gleda vart kortvarig. Det skulle snart syne seg at granatane var til større hjelp for fienden enn for oss. Dei gjekk altfor langt, og datt ned rett bak minefeltet og inne i stillingane vare. 3-4 mann mista straks livet. Dette var eit heilt anna kaliber enn dei russarane hadde nytta. Eit par av granatane datt også ned rett i minefeltet og skapte ekstra store detonasjonar. Der dei skulle hamne, kom det ingen. Men etter ei stund var det slutt

på denne -hjelpa-, og vi fekk dei skadde opp til toppen av kompanibunkerer. Det tok til å bli fullt av skamferde menneske over alt no. I gravene var dei tunnare og tunnare i rekkjene. Og dei tyske granatane hadde gjort at også ein del av ammunisjonen var gatt i lufta.

Ved eitt-tida om ettermiddagen gav russarane igjen livsteikn fra seg. Og maken hadde ingen av oss opplevd før. Dei matte ha stilt opp noko i likskap med Stalin-orgel. Granatar ula gjennom lufta og eksploderte med forferdelege detonasjonar. Tre, stein, jord, bunkerer, og menneske vart virvla opp i lufta som lauv. Over alt høyrdest det forferdelege skrik fra dei som vart raka, og kring om alle stader lag sara menneske og jamra seg. I neste augneblinken vart dei gravlagde levande av stein, jord og stokkar. Det var ikkje ein bunker som ikkje var raka, men nokre kunne framleis brukast. Skytebunkerane hadde ein halv meter tjukke veggar, laga av godt og stort karelsk tommer. Dei var bygde for å tale ein støyt.

Så kom det enda ein ny slags skyts mot oss. Denne gongen var det sakalla -ratsbjom-, granatar som ikkje gjekk av nar dei hadde bakken; men spratt opp att i lufta, der dei eksploderte ved å støyte mot tre og kvistar. Dei sende eit regn av kuler og splintar nedover.

Dette var truleg meint som ei aller siste heising for stormåta- ket vart sett inn.

Denne natna drog seg imidlertid røleg avstad, men mangelen på svevn gjorde seg sterkt gjeldande. Møkkete og skitne og med raudkanta augo, lag dei stridedyktige og stira beint ut i sky- mninga med fingeren på avtrek- karen. I timesvis hadde dei no lege slik, trøytt og utallne var

dei, men viljen til å overleve, el- ler kanskje var det frykta, heldt dei vakne.

Og kanskje ei viss von om hjelp utanfrå?

Eg trur ikkje nokon av oss hadde slike voner lenger. Sam- bandet med bataljonen og dei andre kompania var av ein eller annan grunn blitt brotne kvelden før og andre dagen gav kompanisjefen var ordre om å sprengje telefon- og sendarappa- rata, slik at alle vegane - også dei i lufta - no var stengde. Etter talet på russarar å dome, hella vi heller til den tanken at bataljo- nen alt hadde falle.

Som så kom?

Ja, like etter. I gra, grone og raude uniformer kom dei springande rett over minefeltet, medan dei skreik og skaut mot stillingane. I den første pulja matte dei vere 60-70 mann, men ved hjelp av maskingevær, granatkastarar og geværelt vart desse i første omgang stogga. Men snart fekk ny granatkastar- eid store tre til å bli rivne opp med rota og gravene til å bli ka- sta ende til vers. I sanitetsbun- kerer var det slutt på forbind- dingssaker. Fra no av matte dei sara greie seg med proviant- bind fra egne skitne klede. Blodige bein og armar var å sja over alt, og vanlegvis sterke karar jamra seg fortvula over dei uhøy- gelege - smertene - som ikkje lenger kunne bli lindra.

Granatnedslag folde granat- nedslag. Under denne trom- meldelen vart kompanisjefen sjølv dødelig sara av granatpilul- tar i underlivet, men enno ei stund gav han ordrane sine kald og roleg. I fleire timar heldt rus- sarane granatene ved lag, og i ly av denne freista fleire og fleire

(Over til s. 25)

DT-reprisen



Norske frontkjemparar på veg frå Fornebu under krigen.

(Foto: NTB)

Det var omlag 15.000 nordmenn som meldte seg frivillig til krigete- neste for Hitler frå 1940 til 45. Av desse kom halvparten til fronten. I ein serie artiklar fortel ein av dei som meldte seg til teneste på austfronten som 16-åring, om kvifor han var viljug til å ofre livet på denne slagmarka langt heimfrå.

Artikkelserien er ein reprise frå DT sommaren 1977. Då fortalde ein overlevande frå Kaprolat for første gong kva som hende, den dagen russarane storma støttepunktet langt inne i den russiske nord- Karelen.

I «DT-reprisen» prentar Dag og Tid om att artiklar og artikkelseriar som ei teneste for nye vener av bladet.

Inferno —

(Over frå s. 16)

å nå over minefeltet og inn i stillingane.

Så var dei der.

Dei hese, gjennomtrengande brøla høyrdes over heile høgda. Vi som var att skaut og kasta handgranatar, men til lita nytte. Overveldande styrkar velta innover mot oss. Steg for steg måtte vi dra oss attende, stadig til nye

stillingar, men sørgjeleg klare over at sanningstimen var komen for oss alle.

Berre i den nederste bunkeren heldt dei framleis stand. Til no var ikkje ein einaste russar komen fram til denne stillinga, men sa vart det også der slutt på ammunisjonen. Dei som enno var i stand til det, la på sprang nedover mot sjøen, til gruppa «Wiesel 1», som framleis var in-takt.

Hø.

har jobba
men treng busk.
Alt av interesse.
Tlf. (02) 28 78 17

Ein av dei som sprang nedover var heilt grå i haret. To dagar tidlegare hadde han hatt det mørkaste haret av oss alle.

Neste gong:
EIT FORSØK PÅ FLUKT.